



SAKSHANDSAMAR Jorun Elisabet Aresvik Hals  
Ingrid Melgård

VÅR REF.  
14/02515-3

DYKKAR REF.

ARK. B - Bygninger  
281 (Oppheim) Voss - Ho

INNVÅLSTELEFON

+47 98202853

DYKKAR DATO

VÅR DATO

15.08.2016

TELEFAKS

+47 22 94 04 04

postmottak@ra.no

www.riksantikvaren.no

Sjå mottakerliste

## Opheim - 38/1 - Voss kommune - Oversending av erklæring om automatisk freda byggverk

Bustadhuset på Opheim er datert til like etter 1590. Erklært ståande byggverk med opphav frå perioden 1537–1649 er automatisk freda, jf. kulturminneloven (kml) § 4 tredje ledd.

Den vedlagte erklæringa om automatisk freda byggverk avklarar kva fredinga omfattar og kva for følgjer fredinga inneber for deg som eigar. Dokumentet er juridisk bindande.

Med til eit automatisk freda byggverk høyrer ei sikringssone på fem meter rekna frå ytterkanten til byggverket, jf. kml § 6 andre ledd.

Eigarar av freda kulturminner gjer ein viktig innsats for bevaring av landets verdifulle kulturarv. Dei freda bygningane har stor tyding for forståinga og opplevinga av vår felles historie. Freding gjev eit varig vern, og sørgjer for at også kommande generasjonar får taka del i dei historiene som kulturminna kan fortelje.

### Følgjer av fredinga

Når ein bygning er freda, må ein søke regionalforvaltinga om dispensasjon frå fredinga for å gjennomføre tiltak som går lenger enn vanleg vedlikehald. Både små og store endringar, som å bytte takteking eller sette opp eit skilt på fasaden krev skriftleg dispensasjon.

Sikringssona er sett for å sikre den automatisk freda bygningen og ikkje området sin eigenverdi. Dette får tyding for handsaminga av dispensasjonssøknader i sikringssona.

Forvaltinga av freda bygningar med sikringssone er tillagt regionalforvaltinga. I dette tilfellet Hordaland fylkeskommune.

For meir informasjon om dispensasjon, vedlikehald og skjøtsel, sjå «*Rundskriv om enklere og raskere dispensasjonsbehandling*» av 27. 09.2013 (dispensasjonsrundskrivet) som er lagt ved.

### Økonomiske tilskot

Det er høve til å søke forvaltingsmynda om tilskot til vedlikehald og istandsettingsarbeid. Blir det ved dispensasjon frå freding sett vilkår som fordyrar arbeidet, skal privat eigar eller brukar etter søknad få heilt eller delvis vederlag for denne utgiftsauken, jf. kml § 15a andre ledd.

### **Om klagerett og tinglysing**

Erklæring om automatisk freda byggverk er ikkje eit enkeltvedtak og kan ikkje klagast på.

Erklæringa blir tinglyst på eigedomen av Riksantikvaren i samsvar med kml § 5. Du vil få ein kopi av brevet til Kartverket til orientering.

### **Endra heimel for freding**

Bygningen var tidlegare rekna å vere frå mellomalderen, altså frå før 1537 og difor automatisk freda jf. kml § 4 første ledd. Med til fredinga høyrde ei sikringssone på fem meter rekna frå ytterkanten av bygningen, jf. kml § 6 andre ledd.

Fordi bygningen no har fått ei ny datering, blir heimelen for freding endra. For sikringssona betyr dette inga endring.

Den endra heimelen for freding fører også med seg ei endring av forvaltingsmynde. Det er no Hordaland fylkeskommune, ikkje Riksantikvaren, som er rett mynde.

### **Vidare saksgang**

Etter vår forståing har du blitt opplyst om at bustadhuset blir erklært automatisk freda i kraft av alderen sin, og at det følgjer ei sikringssone med fredinga. Erklæring om automatisk freda byggverk er ikkje eit enkeltvedtak og kan ikkje klagast på.

Riksantikvaren ønskjer at eigarar blir involvert breiare enn det som følgjer av kulturminnelova. Vi ber difor om at du tek kontakt med oss innan tre veker etter at du har motteke dette brevet om du skulle vere usamd i alderen på bygningen, eller av andre årsaker er usamd i fredinga og sikringssona som følgjer med.

Dersom vi ikkje høyrer frå deg vil Riksantikvaren etter tre veker frå dette brevet er send, tinglyse erklæringa på eigedomen. Dette i samsvar med kml § 5. Du vil få ein kopi av brevet til Kartverket til orientering.

### **Ta gjerne kontakt**

Dersom du har spørsmål om tilskot, istandsetting av bygningen eller for å få råd og vegleiing, er du velkomen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune. Det er fylkeskommunen som har ansvar for oppfølginga av freda bygningar.

På nettsidene til Riksantikvaren [www.ra.no](http://www.ra.no) finn du informasjon til deg som eigar, mellom anna råd om praktisk bygningsvern.

Beste helsing

Jørn Holme

Hanna Kosonen Geiran  
avdelingsdirektør

**Brevet er elektronisk godkjent**

## Vedlegg:

1. Signert erklæring om automatisk freda byggverk
2. Dokumentasjonsvedlegg
3. Informasjon: *Å eige eit freda hus*
4. Informasjon: *Rundskriv om enklere og raskere dispensasjonsbehandling*
5. Diplom

Kopi med vedlegg 1 og 2 til: Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen/ Voss kommune, Postboks 145, 5701 VOSS/ Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 OSLO

Mottakar	Kontaktperson	Adresse	Post
Anne Marie Opheim		Olsvikstallen 21	5184 OLSVIK
Björg Opheim		Langhellevegen 18	5725 VAKSDAL
Marta Opheim		Bjørndalsskogen 182	5170 BJØRNDALSTRÆ